

Velkommen til Tingviken



- Ei kulturhistorisk perle i Hardanger

Universitetet i Bergen

Historikk...



- **Gåve frå Grolle Olsen**

I 1968 fekk Universitetet i Bergen egedomen Tingviken som ei testamentert gåve frå skipsreiar Louise (f. Martens) og Olaf Grolle Olsen, som hadde nytta Tingviken som sommarbustad i ei årrekke. Det var botanikken som førte Grolle Olsen til Bergen Museum der han tidleg kom med i leiinga. Han hadde ei særleg interesse for planter, og det vert fortalt at han fekk sitt fyrste herbarium allereie som 5 åring. Han var aktiv med i støtteforeininga for Bergen Musèforening både som sekretær, varaformann og formann.

- **Byggherre John H. Bell**

Grolle Olsen hadde på si side kjøpt egedomen i 1923 av den engelske adelsmannen John H. Bell. Bell ferierte på Utne om somrane på slutten av 1800-talet og i 1894 fekk han skøyte på egedomen i Tingviken og gjekk i gang med å rydda jord og reisa hus. Det er mest truleg at han fekk hjelp av Peter Andreas Blix som på denne tida var på Utne som arkitekt for den nye kyrkja. Det vert fortalt at Blix ikkje likte oppdraget med kyrkja og oppdraget med den eksentriske Bell som byggherre kan tenkjast å ha vore både underhaldande og inspirerande.

- *Den historiske hagen*

Estetikken og detaljeringa av hovudhuset syner at Bell hadde store tankar sjølv om grunnflata er låta. Store tankar hadde han og om hageanlegget. I området vart det opparbeidd stiar og terrassar, karpedammar og allear.

Hans religiøse interesser skal og ha vore med på å forme hagen. Bjørkealleen på flaten ved naustet skal vera forma som eit kyrkjeskip. Eit symbol som kanskje ikkje er så underleg sett i eit historisk perspektiv: For i Tingviken skal det ha vore både tingstad og rettarstad. Så seint som i 1771 vart Kari Knudsdotter Bokko avretta i Tingviken. Det skal og ha vore fleire store gravhaugar på eigedomen. Desse er i dag borte.

- *Feriestad for tilsette*

Sidan 1971 har Tingviken vore nytta som feriestad for tilsette ved UiB. Gjestene disponerer alle bygningane: Hovudhus med anneks, vedhus, vinkjellar (!), utedo og naust.

Eigedomen på ca 20 mål er i Universitetet i Bergen si eige, men området er i kommuneplanar regulert som LNF-område, dvs at ålmenta kan nytta parken og stranden som friluftsområde.



Annekset 1

Famelierom med romsleg køyeseng og dobbelseng.



Annekset 2



Soverom med 2 senger

Kammerset

*Soverom med
dobbelseng og køyeseng*



Når du drar...

Dette er viktig at du hugsar:

- 1. Trekk ut støpsel til TV, kaffitraktar og vatnkokar!*
- 2. Vedovn skal klargjerast for neste gjest. Sjå eige ark!*
- 3. Vår og haust: La det vere litt varme på i husa:
- Hovudhus: Termostat på ovn i kjøken og på soverom settes på 10 grader. Dørene til stova skal stå opne.
Anneks: Termostat på ovn skal stå på 10 grader.*
- 4. Trekk gardinene for vindauga.*




Når du drar...

Reinhald:

1. Kjøleskap og matskap skal tømast og vaskast.
2. Støvtørking av flater og vindaugskarmar.
3. Støvsuge: Alle golv, møblar og senger skal støvsugast. (Eige støvsugarhovud til møblar finns i boks på vaskerommet)
4. Servantar og speglar skal vaskast.
5. Doskåler skal børstast.
6. Alle golv skal moppast.
7. Hugs å ta med alt avfallet opp til bosspann ved vegen - også aviser og flasker.
Utstyr er å finne på vaskerommet.

Ver venleg å skyll opp moppar og klutar etter bruk og heng dei til tørk på vaskerommet.

Takk for innsatsen!



Båt



Sjølv om vi har montert ein enkel vinsj i naustet, gjer vi merksam på det framleis er ein tung jobb å få ut og inn båten.

Gode råd:

- 1. Ta ut og inn båten ved flo.*
- 2. Legg stokkar på tvers i ei gate ned mot sjøen.*
- 3. Fest kroken i båten.*
- 4. Draget på vaieren mellom båt og sveiv kan justerast ved å feste trinsa på kroken i dørkarmen.*

Hugs redningsvestar!

Vedovn

Ovnsdøra opnast med å dra ut bøyle nede til høgre under glassdøra.

Ved avreise:

1. Ved avreise skal ovnen tømast for oske.
NB! Bruk kost og oskebøtte for dette arbeidet - IKKJE støvsugar!
2. Vask glasruta: Ta vete på tørkepapir, dypp papiret i litt oske og vask! Tørk over med reint papir til slutt.
3. Legg i ved og opptenningspapir, så vert det lett for neste gjest og få varme i huset!



Hagemøblar

- Hagemøblar er lagra i vinkjellaren.
- Her er og ein gamal grill.
- Hugs å setje stolar og grill attende når du reiser!



- Vi har ikkje noko vaktmester-tjeneste som utfører hagearbeid. Det er difor fint om de slår graset rundt huset og kostar heller og trapper.
- I vedhuset finn es både lå, rive og kost.
- (Stige og kjøkenrapp er lagra i vinkjellaren.)



Info!

Kontaktperson:

- Vår kontaktperson på Utne er Odd Skøren: Tlf 53 66 67 58
Mobil 97 54 88 53

Parkering:

- Universitetet har privat parkering på utkjørselen på "vår" side av vegen.

Boss:

- Boss skal tømast i "hytterenovasjon" oppe i vegen.

Feil og manglar:

- Egedomsavdelinga på UiB er takksam for om de melder frå om feil og manglar de oppdagar.
- Kontaktperson ved UiB Egedomsavdelinga er Randi Higravf
Tlf 55 58 49 00



Turkart over Utne og næraste omland

Sommarløyper

Ekvilidstansse 20 meter

- | | | | |
|--|-----------------------|--|---------------------|
| | Sveg | | Trianguleringspunkt |
| | Dyke mark | | Hogstpunkt |
| | Teitland | | Kyrke, kapell |
| | Myr | | Forsamlingshus |
| | Riksvog | | Skule |
| | Kommunale veg | | Ovnamningsstad |
| | Privat veg, med bom | | Gate |
| | Traktorveg | | Bustadhus |
| | Bilferje | | Folkehustad |
| | Turløper markert 2006 | | Uhus |
| | Andre merkte turloper | | Industri, kraftverk |
| | Umiddelbare turloper | | Annan bygning |
| | Kartlinje | | Tullmast |
| | Utleiepunkt | | Treg utpe |
| | Bading | | Campignipille |
| | Felle | | Compagnis |
| | Masthandel | | Masthandel |

Utgåve av Turkart over Utne, desember 2008
Kartograf og produsent: Mestret, vassund@me.no
Tilsette nr. NE1425B-W432036

